

KYRKJEBLADET

67. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 1/2013

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 19



God påske!

Sjømannskyrkja på Tenerife

Side 8-9

Engasjerte ungdomsleiarar

Side 10-11

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

Bilete på framsida:

«Bougainvillea, eller Trillingblomst»

Foto: Svein Tøsse

Sydenlivet

Mange nordmenn vender bleike naser mot sør etter nyttår, og kjem heim att med brune, raude eller lilla utgåver av denne og andre kroppsdelar etter ei veke eller to. Kva er det som går føre seg i dette landet som me kallar Syden? Me har forska litt på dette, ved å ta ein tur til Tenerife. Sjølv opplevde me berre late dagar i sola der varmen tinte musklar og ledd som ein få dagar tidlegare skulle tru var botnafrosne. Det vart bilturar på kryss og tvers over den vakre øya, og lange spaserturar til og frå dei seine middagane på strandpromenaden. Såg ikkje bråk, slåsting, ravande fyll eller ran. Berre unge og vaksne folk (gjerne svært vaksne) med ulike europeiske tungemål, rare hårfargar og små hundar. Mange små hundar. Dei skvatt som brune moppar kring føtene, kunne gå på do kvar som helst utan at eigaren merka nokon ting (?) og hadde eit glitrande halsband på seg for å vise kva som var framme og bak på dyret. Nok om det. Så vitja me Sjømannskyrkja i Los Christianos, og fekk ei litt anna framstilling av idyllen. Noko å skrive heim om, fann me ut. Du finn meir inne i bladet.



Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Påskelammet og Jesus

*Du Guds Lam uskyldig, i hel på krossen slegen!
Alt til døden lydig du gjekk den pinslevegen,
du bar vår synd og møde, for oss du måtte bløde.
Miskunna oss, vår Herre Jesus! (NoS 149)*

Kvifor påske?

Jødane, veit godt kvifor dei feirar påske. Det har dei gjort i over 3000 år sidan Gud ved Moses leia folket frå slavekåra i Egypt. Farao ville halde på dei, men Gud viste sin makt då han sende 10 ulike plagar over egyptarane. Den siste var at alle fyrstefødde måtte dø. Men ingen barn hos jødane døyde, for dei ofra eit påskelam, og strauk blodet på dørstolpane i huset sitt. Då gjekk døden dei forbi.



Biletet er lånt frå Wikipedia.

Kvifor feirar kyrkja påske?

Påske tyder at døden gjeng oss forbi. Påsken fekk eit nytt innhald med Jesus Kristus, då han vart fanga og miste livet på krossen. Domen om at dei førstefødde skulle dø, var ikkje berre ein dom over egyptarane. Herren Gud let same domen ramma seg sjølv. Jesus var jo Guds førstefødde son. Men vi feirar påske ikkje berre for han som døyde, men mest for han som stod opp att og sigra over døden.

Guds frelse er større enn å frelsa jødane frå slaveriet i Egypt. Gud ville frelsa alle menneska på jorda til alle tider frå det slaveriet som mennesket er fanga i under synda og døden. Fyrsten i denne verda, Guds motstandar djevelen, kunne tiltale kvar og ein av oss framfor Guds domstol. Ikkje ein einaste ein ville gå fri, for vi har alle synda og vendt oss bort frå Guds veg og gode vilje med livet vårt. Vi ville gå våre egne vegar. Men dei vart oss til fall. Men takk og pris. Som Farao ikkje kunne halde på folket i slaveriet, kan døden ikkje halde på

Guds søner og døtre av alle folk og tungemål som prisar hans namn.

Vi feirar påske i takksemnd og glede for at Herren sjølv tok domen, og let oss gå fri i trua på han. Han vart som påskelammet. Me et brød og drikk vin i nattverden. I det får vi del i hans kropp og blod gjeven for oss til soning for all vår skuld. Er ikkje det litt for enkelt? Det er so enkelt at sjølv eit barn kan gripa det. Men det er aldri enkelt å koma til Herren på ny og på ny og seie:

Eg har svikta deg enno eingong, Herre. Korleis kan du elska ein syndar som meg? Ha miskunn med meg og denne gongen! Ho eller han som trur det er enkelt å sanna syndene, skulle prøve. Det leier deg ned på kne når du kjem fram for Den Heilage Gud. Men det er ein velsigna stund når han i sin nåde og kjærleik reiser deg opp att og seier: Eg har kjøpt deg fri.

Du er ikkje lenger slave. Du er fri til å gå kvar du vil, men vil du følgje meg skal eg gje deg eit rikt og signa liv som dotter og son i mitt hus, seier Herren. Det er håp for oss alle. Svikaren Peter som hadde fornekta han tre gonger, mordaren Barrabas som gjekk klar av dødsdomen, og røvaren på krossen som fekk høyre dei salige orda: **"I dag skal du vera med meg i paradís."** (Lukas.23.43) Herren opna sin himmelske herlegdom for dei, og denne herlegdom er open for deg og som tek imot han i tru og seier: lat meg få vere eit barn hos deg. Eg vil så gjerne tru at Jesus er min Frelsar.

Konfirmant-Alpha

Konfirmantane i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn hatt eit opplegg som er kalla Alpha. Alpha er ei opplæring i og til den kristne trua, utvikla i England. Dette opplegget er tilpassa konfirmantane, og består av undervisning, mat og samtale. I starten av kvar samling er det ei songøkt. Samlingane vekslar mellom å vere på Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes, og har dette konfirmantåret stort sett vore anna kvar torsdag.

Samtalane skjer i grupper på 6-8 konfirmantar og 1-2 leiarar. Det er prestane i Vaksdal som har leia Alpha, men det er dei mange gode leiarane som gjer det mogleg å gjennomføre opplegget. Det er og for det meste desse leiarane som tek seg av undervisningsdelen i samlingane. Sokneråda tek ansvar for mat-delen av programmet, og dei har bydd på pølse i brød, brødmat og pålegg, eller taco

Ha ein god dag!

Alpha vert i år avslutta med ei samling laurdag 6. april. Då skal konfirmantane mellom anna dele ut vaflar rundt om i heimbygdene sine, og elles bidra me praktisk hjelp til dei som ynskjer det. På det viset skal det bli ein god dag for både dei som hjelper og dei som får hjelp. Det kjem oppslag om dette rundt om i kyrkjelydane.

Dagen vert avslutta med ein mini-festival på Dale om kvelden. Då vert det mykje song og musikk, og det arrangementet vert open for alle som vil koma.

Tre om Konfirmant-Alpha

1 Kva synes du om Konfirmant-Alpha?

2 Kva har du lært der?

3 Har det vore kjedeleg?

4 Kva synes du om gruppesamtalane?

Anve Sæterdal Hægland,
konfirmant frå Vaksdal

- 1 Knallbra.
- 2 Å ikkje gjere det som er vondt.
- 3 Av og til.
- 4 Hyggeleg.



Håvard Brekke Thorstensen,
konfirmant frå Dale

- 1 Bra.
- 2 Om Gud og Jesus.
- 3 Av og til.
- 4 Det har vore gøy i gruppene.



Karin-Johanne Rosvold,
leiar frå Dæmring

Kvifor er du med på Alpha?

Eg har alltid vore interessert i arbeid blant born og unge, og har vore med på forskjellig sidan eg vart ein kristen.

Er det kjekt å vere leiar på Alpha?

Det har vore kjekt å møte ungdomane, særleg når dei fortel at dei får noko på Alpha, og når dei seier dei trur litt.

Og kva med samtalegruppene?

Dei er fine, me kjem inn på viktige ting i livet. Men somme gonger er det ikkje så lett å få til ein samtale.



Tårnagentar 2013

2-3. februar vart det halde Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. 29 glade barn i alderen 8-10 år var denne gong med frå to årskull i heile kommunen.

Det var to år sidan sist. Difor inviterte med heile 78 born til å kome denne gongen. Tårnagentane utførte oppdrag som dei fekk av sjefsagenten, ein hemeleg skikkelse dei spekulerte på kven kunne vere. Kyrkjias løyndomar og skattar er tema for helga. Det er mangt som er meir verd enn gull som glimar som me finn i Guds ord og kyrkjias sine bilete og symbol. Dei fekk møte klokkaren Bjørn i tårnet som fortalde om ringing med kyrkjeklokkene, kantor Tone Synnøve som viste korleis orgelet fungerer, og presten Edvard i sakristiet som fortalde om tradisjonar rundt den kvite



Tårnagent Edvard Bø deler ut oppdrag.

drakta som me kler oss i ved dåpen og konfirmasjonen.

Borna var flinke til å syngje og "reppe" på Tårnagentsangen, noko som dei gjorde med glans på gudstenesta om sundagen. Der var det og nokon som hjelpte til med

praktiske oppgåver, drama og viste flotte teikningar av kamelen og nålauget, samt skatten og perla i jorda. Populært var det og med tårn av iskrem til kyrkjekaffien etterpå.

Edvard Bø

Tysdag 19. mars

er dagen for Fasteaksjonen i Vaksdal

Her får vi møte ei av mange kvinner som Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon er med og hjelper. Martha Gezahegn (28) selde kroppen sin til framande menn. No er ho gift, mamma og lærar for andre tidligare sexarbeidarar i Etiopia. Ho er eitt av forbilda som utfører norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakoniarbeid.

Vi har sett det før, i dei nattemørke gatene heime i Oslo og i byar over heile verda: Ei kvinne som forhandlar med ein framand mann om prisen på det mest sårbare ho eig. Ei jente som gjev bort ein liten bit av seg sjølv i byte mot ein bunke skitne setlar, natt etter natt, til det ikkje er meir att å gje. Eller til ho møter ein engel som ikkje vil ha noko frå henne, men som tilbyr henne håp. Eit nytt liv.

Gjev håp

–Ei natt kom det nokre menneske bort til meg på gata, og ein av dei gav meg ein liten papirlapp. Det var ein invitasjon til lunsj på eit senter som heitte Nytt liv. Det hadde aldri falle meg inn at det kunne finnast noko nytt liv for meg. Dei fortalde meg at Gud framleis elska meg, men eg trudde ikkje det kunne finnast ein slik kjærleik, fortel Martha Gezahegn.

Martha fekk verkeleg eit nytt liv gjennom senteret som blir drive av Mekane Yesus, den evangeliske kyrkja i Etiopia. Kyrkja sin diakonale organisasjon er ein av Kirkens Nødhjelps lokale partnarar. Kvart år får 60 nye jenter bli med inn i eit toårig program som gjev dei eit underhaldsbidrag, yrkesopplæring, helsehjelp og terapi.



Martha Gezahegn.

Frå fornedra til forbilde

Etter at Martha sine to år i Nytt liv-programmet var omme, blei ho spurd om å halde fram på senteret som lærar. Ho møtte Esubaleu i kyrkja, gifta seg og blei mor til Nathanael. For henne blei familien eit handfast prov på den kjærleiken som er så vanskeleg å forstå.

–Jobben min er å lære jentene opp i eit praktisk kunsthåndverk som kan sikre dei eit levebrød. Men den viktigaste lærdomen eg kan gje dei, er at dei er elska av Gud. Eg har delt fornedringane deira, og no er eg eit forbilde som kan vise kor sterk kjærleikens makt er.

Saksa frå KN's ressursmateriell.

Lokal fasteaksjon for kyrkjelydane i Vaksdal

Vi fortsetter tradisjonen med å ha dør til dør aksjon til inntekt for Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Pengene går til nødlidande ikring i verda, og er KN's hovedaksjon i året. Konfirmantane på Vaksdal, Dale og Stamnes er med og går saman med vaksne i frå kyrkjelydane. Dato er tysdag 19.mars mellom 17 og 20. Ta vel imot dei når dei kjem på døra. Om du ikkje er heime kan pengane settast inn direkte på KN's konto, men då kjem det ikkje inn på den statistikken over kva kvar enkelt kyrkjelyd har samla inn. Det viktigaste er likevel at mange vert hjulpane.

Meir informasjon på www.kirkensnodhjelp.no

Edvard Bø

Gudstenestereform

Den nye gudstenestereforma er i gong i Vaksdal. Startskotet hjå oss var i hovudsak 1. juledag og ein kan merke både endringane og det som ikkje er endra.

Noko av det som er nytt er mellom anna førebuingssdelen. Ja, kva er no dette for noko?

Tidlegare starta ein rett på gudstenesta etter klokkeringing og tre klokkeslag. No er det opphald etter klokkeringinga før dei tre slaga.

Førebuing handlar om å vere budd på det som kjem. Her ynskje me kvarandre vel møtt til gudsteneste. Me får informasjon om det som skal skje i gudstenesta. Det kan vere tema for

dagen, kven som skal døypast, dersom det er dåp, kva type nattverdordning som skal nyttast, spesielle bønneemner, evt kven som deltek i gudstenesta av kor el musikarar, om det er ark eller powerpoint ein skal fylgje osv. Ein kan òg evt øve på ting som er nytt eller uvant, og slik vere best mogleg budd til gudstenesta.

Førebuingssdelen skal verke samlande og fokusere inn mot gudstenesta. Det vert stille og konsentrert i kyrkjeskipet, og ein avsluttar denne delen med å vere stille for Gud. Ei tid til bøn eiga førebuing. Så høyrer me tre slag frå klokkene, og gudstenesta er i gong.

Kven eig gudstenesta?

Jo, det er kyrkjelyden, med soknerådet i leiing. Kva er då meir naturleg enn at kyrkjelyden sjølv, med sokneråd i leiing, ynskjer vel møtt til gudsteneste? Sokneråda er på ein måte vertskap til alle gudstenester, og kan nytte alle sine medlemmer til hjelp i serveringa av gudstenesta; born, unge, vaksne, eldre. Å invitere til gudstenester er hovudsamlinga der soknerådet ivaretek si hovudoppgåve med å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelyden.

Når ein inviterer, er det naturleg at vertskapet ynskjer vel møtt, noko ein har søkt å ivareta i den nye

gudstenesteordninga. Når det gjeld førebuingssdelen er hovudintensjonen at ein frå kyrkjelyden utfører denne, ein såkalla Med Liturg (ML).

Dei tilsette skal tene kyrkjelyden, hjelpe til med å forkyne Guds ord og forvalte sakramenta, td dåp og nattverd. Dei skal hjelpe kyrkjelyden i å lyfte og fremje lovsongen og takkseininga til Gud. Dei skal òg vere med og legge til rette det praktiske rundt gudstenester, sette fram det som trengs og rydde bort etterpå. Ringe med klokkene og opne dørene. Men gudstenesta som samling den eig kyrkjelyden.

Sokneprest Edvard Bø

«Kongelege» gjestar

Asbjørn Nese fekk i april 2012 tildelt Kongens Fortenestemedalje i sølv etter ein innsats som organist i Eksingedalen gjennom 60 år. I tillegg til å ha vore organist har Asbjørn lagt ned mykje frivillig arbeid med å skipa til konsertar og delta med musikk i bygda. Saman med fleire andre som har fått den edle medalja siste året, vart Asbjørn i slutten av februar invitert til slottet. Saman med seg hadde han kona Lilly som følgje – og barnebarnet Jorill som reisefølge til Oslo.

Asbjørn fortel om ein minnerik Oslotur. Dei var ca 50 i følget som fekk gjesta slottet denne tysdagen. Gjestane fekk ei interessant omvising på slottet,

med orientering om bygningen, oppussinga, kunst og kunstnarar. Etter ein god runde vart dei stilte opp alfabetisk, og fekk så helsa på både Kongen og Kronprinsen - godt instruerte på førehand! Mat fekk dei også; kanapèar med vin, champagne eller eple-saft innåt.

- Jau, det var kjekt å få helsa på både Kongen og Kronprinsen, men eg likar no ikkje at det vert så mykje styr, seier ein smålåten Asbjørn vel heime att på Brakestad. Dei kongelege snakka begge to med oss, og dei var interesserte i kva me var tildelt medalje for.

- Korkje Kongen eller Kronprinsen visste kvar Eksingedalen var. Men eg forklarte så godt eg kunne.



På slottsplassen og klare for kongeleg visitt: Lilly og Asbjørn Nese.

Foto: Jorill Nese

I følget var det ein annan medaljevinnar som hadde vore i Eksingedalen. Han var ein høgare militær, ein oberstløytnant, som for mange år sidan hadde køyrt gjennom dalen. Og, årsaka til at han hugsa det

spesielt var fordi ei kyr hadde sparka ei bulk i bilen hans!

Av Liv Anne Bergo,
frå
www.eksingedalen.net

Min salme

Sist kyrkjeblad kunne me lese om «Min salme» av Ingebjørg Dale. Ho utfordra Ingrid Leiren til å kome med «Min salme» til neste blad, og her er hennar bidrag:

Som lita jente fekk eg vera med bestemor i kyrkja, og det var stas. Dei første åra var det nok både «eigen tekst og eigen tone» som vart brukt.

Ettersom eg vart litt «eldre» var det ein salme spesielt, eg festa meg ved, og venta på kvar gong me gjekk i kyrkja.

Salmen er: Påskemorgen slukker sorgen. Nr 184 i Norsk salmebok. Tekst av Grundtvig og melodi av Lindemann.

Eg fekk forklart at det er ein påske-salme og den syng me berre i Påsken. Den er litt gamaldags, høyr berre: den har oss givet lyset og livet v2 han ville bløde for oss å møte v3 om enn bedrøvet smiler dog støvet v5

Det at den var gamaldags, gjorde den veldig høgtideleg for meg. Og det var fint å syngja dette gamaldagse, sjølv om eg streva med å forstå: brøden, syndens sold og det bedrøva støvet som smilte.

Som vaksen ser eg Alvoret og gleda i denne salmen, men kva som gjorde at denne litt tunge og gamaldagse salmen gjorde slikt inntrykk på meg som 7-8-9 åring veit eg ikkje.

Men den gjorde det, og det var denne salmen som kom i tankane mine då eg vart utfordra av Ingebjørg Dale til å skriva om «Min salme».

Som liten tykte eg me kunne syngja den kvar gong det var gudsteneste. Om ca ein månad er det påske att, og då står den nok på salmelista, i alle fall 1. påskedag.

Bodskapen er gamal, orda i salmen er litt gamaldags, men har same gyl-digheit kvar dag, heile året, sjølv i vår tid.

Så vil eg ynskja lesarane av kyrkje-bladet ei god påskehelg i vente.

Ingrid Leiren

Ingrid Leiren utfordrar namnesyster Ingrid Verpelstad til å kome med «Min salme» til neste blad.

Salme 184

PÅSKETIDEN

T: N. F. S. Grundtvig 1843

M: Ludvig M. Lindeman 1864

- 1 Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.
- 2 Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
- 3 Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradís.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.
- 4 Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.
- 5 Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
- 6 Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Sjømannskyrkja på Tenerife

Sydenlivet på Iglesias Noruega Tenerife



Frå Sjømannskyrkja på Tenerife.

Klokka var i tre-firetida på ein fredag midt i februar, og me hadde forsømt oss litt i høve til det norske vekeprogrammet som stod på oppslagstavla. Det var låste dørar. Litt snakk, og skuggar bakom matte vindauger, gav likevel håp om å få kontakt. Oppslaget utanfor kyrkjedøra hadde kontaktinformasjon. Eg prøvde å taste inn dei 13 sifra i telefonnummeret i rett rekkjefølgje, og fekk svar på spansk. Eg presenterte meg på norsk.

- **Kom innom**, eg er her på kontoret og jobbar litt. Presten Reidar Ådnanes og nokre svenske husfolk var i kyrkja. Han møtte oss i sidedøra.

- Kona er borte på ein lokal pub og snakkar med ein kar. Kona er diakon Marta Kristin Valvatne. Saman har dei vore på Tenerife i omlag 2 1/2 år. I mars byter dei tenestestad til Malaga, på sør - og sol - kysten av Spania.

Sjømannskyrkja på Tenerife er eit hus som ikkje stikk seg ut som eit signalbygg slik dei norske kyrkjene gjer. Tvert om. Dette er eit lågt, trekantforma einetasjes murhus, som ligg langs strandpromenaden i den litt tilårskomne delen av Los Christianos. På dagtid smyg ein seg forbi kyrkja mest utan

å vite det, der ho ligg klemt mellom gatekafear, pubar, og billigbutikkar med støvete og nedsette varer. Framsida vender mot syd, og mot hamna med Fred Olsen-ferja som går til naboøya La Gomera. I skråninga bak kyrkja er det klemt inn ein liten parkeringsplass, varelevering, ein «restaurant» med tre bord på fortauet, og dei vanlege grøne bosdunkane som alltid er fulle. Eit tre meter breitt smau mellom kyrkja og nabohuset er ryddig og reint, og der finn me sidedørene til kyrkja. Sjølve kyrkja har eit par kontor, lager, kjøkken, eit rom innreidd med Kafe-bord som vender mot gata, og eit større, trekanta rom til kyrkjerom. Kyrkjerommet har godt ljøs frå vindauger rundt det opphøgde taket i midten. Nokre sofaer og bord bak, altar framme i spissen, med lesepult, lysglobe, elorgel og flygel. Midtgang mellom stolrekjene, som står vendt mot altaret. Det er den Svenske kyrkan som eig huset, og står for kafedrifta. Sjømannskyrkja leiger og samarbeider, og driv som ein eigen organisasjon.

Gjevargleda fører til at dei stort sett klarer å halde dei økonomiske forpliktingane sine.

Eg spør Reidar prest om korleis dei opplever tenesta her. Og som for prestar flest, er tenesta svært variert, og i alle fall ikkje innafor ei fast arbeidstid.

Me har eit norsk program nokre kveldar i veka. Måndagane er der som oftast eit tema, alt frå Spansk-norsk historie, til Erik Bye, Jakob Sande, Otto Nielsen, og liknande. Denne veka var det om «Eventyrlige Svalbard» på måndag, og besøk frå NAV på onsdag.

Dei får gjerne forslag om tema, som dei spinn vidare på. Dei hentar stoff frå nettet, finn gjerne lokale ressurspersonar, og syr saman eit enkelt program.

Kunnskapsrike personar som kan fortelje om Thor Heyerdal og flåteferdene finn dei på det lokale museet ved pyramidane i Güimar, lengre nord på øya. Det gjeld å nytte dei ressursane dei kan få tak i. Onsdag, torsdag og sundag er det gudstenester, vekselvis på svensk og norsk.

Her er ein liten fast gjeng med norske gudstenedeltakarar, det er meir vanleg med svenske. Det at det har vore ein fast stab her ei tid hjelper på stabiliteten. Dei ynskjer å vere eit fast haldepunkt for lokale og tilreisande norske.



Sjømannsprest Reidar Ådnanes.

Medan fastlands-Spania har større koloniar med nordmenn, særleg kring Alfas del Pi og solkysten, og fleire faste kyrkjejengarar til gudstenestene, er biletet meir variert her. Kanskje det går enno ei tid til den norske delen av gudstenedeltakarar er oppe på nivået til den svenske kolonien. Uansett, her kan ein sjølv velje å feire gudstene på svensk eller norsk, ein er alltid like velkomen.

Tenesta ved kyrkja er lagt opp slik at ein skal få høve til å treffast, ete vaflar, oppleve enkle tilstellingar, og gudstenester.

Det er ofte bryllaup på Sjømannskyrkja i Los Christianos. Gjerne to-tre kvar fredag i sesongen. Bryllaup er alltid skøy. Dei trør til etter beste evne, med solosong og musikk, og skapar fest så godt dei kan. Reidar og Marta Kristin sine



Sjømannskirkens visjon:
«Sjømannskirken vil gi mennesker mot til tro, håp og engasjement.»



Diakon Marta Kristin Valvatne og prest Reidar Ådnanes framfor kyrkja.

oppdrag på Tenerife femner om langt meir enn tilstelningane på kyrkja. Historiene han fortalde viste ei heilt anna side av sydenlivet enn dei me sjølv hadde opplevd til no.

Her er jamt over 8 til 12 norske innlagte på sjukehus kvar veke, og desse får som oftast vitjing frå Sjømannskyrkja. Det kan vere akutte innleggingar for vanlege sjukdomar, eller beinbrot og til og med påført vald. Stundom er det tvangsinnleggingar av psykiatriske pasientar. For nokre dagar sidan kjørte Reidar tvers over øya og følgde nokre villfarne ungdommar “vennleg men bestemt” tilbake mot flyplassen, på instendig oppfordring frå foreldra heime i Noreg. Det var ikkje sikkert dei kom til å nytte bilettane heimatt.

-Det er så altfor lett å reise ut av landet, når først passet er i lomma. Det er jamleg tilfelle av vaksne som ikkje er i stand til å ta vare på seg sjølv, og som godt kunne vore fråtekne passet for si eiga skuld, meiner Reidar. Mykje godt kan seiast om den økonomiske tryggleiken for ulike grupper med sosiale

eller psykiske vanskar, det er i alle fall lett å få seg ein sydenbillet. Etter få dagar kan det vise seg vanskeleg for dei å greie seg sjølv, og då hender det at Sjømannskyrkja rykkjer ut. Sjølv om nokre av dei tilreisande kan ha til dels høg sydenkompetanse med omsyn til å kome ned att på beina etter ei rotbløyte, manglar mange evna til å ta vare på seg sjølv når dagen sprengt i austerrett. Og dei unge danske, svenske og norske guidane har eit tett program heile tida, og kan ikkje følgje opp alle kassar av turistar til ei kvar tid.

Kvar vinter reiser om lag 5000 nordmenn, i veka, til Tenerife. Nokre fleire til

Gran Canaria. Om lag 2000 nordmenn bur i lengre periodar i vinterhalvåret på Tenerife. Somme kallar desse på spøk for “dei vinterfora” turistane. Dette er ofte slike som har funne klimaet bra for helsa. Mange har kroniske sjukdomar som til dømes reumatisme.

Det kom for litt sidan ei dame til Tenerife med ei helse som lenka ho til rullestolen, og etter få dagar kunne ho gå, og hjelpe seg sjølv. Då er det lett å forstå at somme ynskjer å slå seg ned her for godt. Her på øya er klimaet svært stabilt, med snittemperaturar på døgnet frå 18 til 25 grader året igjennom. Regn er mest ikkje tema på sørenden av øya, det er frå 0 til 3 dagar regn i månaden om vinteren. Men i nord er det meir oversky og kjøligare ver. Difor varierer vegetasjonen frå tjukk mosegrodd skog i nord, til ørken i sør, og dette kan ein få oppleve med berre ein god times kjøring nordover på motorvegen.

Ikkje berre sol og varme lokkar. Ei flaske vin for 20 kroner, og brunt brennevin for under 100 kr literen, kan sikkert freiste. Og då veit ein at det kan oppstå fleire utfordringar enn heimlengt mellom dei glade tilreisande, anten dei er mellom dei vinterfora eller ikkje.

Under den korte økta me var innom, fekk Reidar ein telefon frå kona, (ho som sat på pub, ja, i embets medfør. Ho er diakon, som sagt.) Ho lurte på om dei hadde ein rullestol på lageret, stamgjesten ho vitja hadde problem med å føte seg, visstnok. Det var ikkje sagt noko om grunnen, men eg forstod det slik at han gjekk i alle fall til puben på eigne bein. No skulle/ burde han gå heimatt til seg sjølv, men det var kanskje litt for lite fiber i lunsjen til at føtene var til hjelp. Det ordna seg denne gongen og. Med

Sjømannskyrkja si hjelp.

Kva med dei som ynskjer å bidra litt i kyrkja, når ein er på ferie?

-Sjømannskyrkja på Tenerife tek gjerne imot hjelp frå dei som har tid og lyst. Det er berre å melde seg, så kan ein få tildelt oppgaver. Det er helst dugnadshjelp på kafedrifta og serveringa som trengs.

Og om ein vil bidra med ein kaffipose eller to, er det fint. -Helst Friele, seier Reidar.

Av Svein Tøsse



Me har en 24-timers beredskapsordning.

Sjømannskyrkja har erfaring og omfattande kompetanse på oppfølging av menneske når ulukke og kriser råkar i utlandet.

Beredskapstelefon:

+47 951 19 181

Vår alltid bemanna beredskapstelefon skal sikre at me vert varsla når ulukka råkar. Om telefonen alt har ein samtale eller den for ei kort stund er utanfor dekningsområdet, ver vennleg og legg att namn og telefonnummer, så ringjer me deg i løpet av kort tid.

Våre sjømannskyrkjer kan og kontaktast direkte. Beredskapsarbeidet spenner frå å gje omsorg til enkeltmenneske til å delta ved større katastrofar som råkar nordmenn i utlandet.

Kven kan be om bistand?

Sjømannskyrkja er til for alle nordmenn som oppheld seg i utlandet for kortare eller lengre tid, eller som arbeider på norsk kontinentalsokkel. Arbeidet rettes også mot andre nordiske land sine statsborgarar og utlandsk sjøfolk på norske skip, der dette er naturleg.




Vigsel pågår vis hensyn!





«Han er treet – me er greinene».

Engasjerte ungdomsleiarar

I Holhovden på Dale bur venninne Margot-Helene Rosvold (28 år, frå Dæmring) og Maria Kolgrov Strand (30 år, frå Sunnmøre) i huset som Margot-Helene og brørne hennar har arva etter bestefaren.

Margot-Helene har budd der sidan våren 2009, Maria har leigd rom der sidan hausten same året. Den eine broren til Margot-Helene har budd der sidan i fjor haust.

Dei to kvinnene vart kjende

med kvarandre i 2004 då dei studerte i Bergen, og begge gjekk i Norkirken. No er dei engasjerte i det kristne arbeidet blant ungdom i Vaksdal, mellom anna som leiarar på Konfirmant-Alpha.

Korleis gjekk det til at de vart kristne?

- Eg vaks opp i ein kristen heim kor trua ikkje var privat og det var naturleg å snakke om henne, seier Margot-Helene. - Det var friviljug om me ville vere med

på møter og gudstenester, foreldra våre vart våre andelega hyrdingar. Trua var sentral i heimen, og eg såg at det handla om liv - og ikkje teori. Som lita fekk eg oppleve bønnesvar, og med det kor viktig bøn er. Foreldra våre



Margot-Helene Rosvold..



Maria Kolgrov Strand.

ser likt på alle kristne, og er såleis veldig tverrkyrkjelege i tankegangen. Som lita jente fekk eg og høyre om Gud då eg var på leir på Raknestunet, og tok eit medvite val i 8.-9. klasse då eg var på leir på Fagertun. Eg ville ikkje vere kristen halvvegs, men at trua skulle prege heile livet.

Maria vaks og opp i ein kristen familie. - Me gjekk både i kyrkja og på bedehuset. Bedehuset var lite, og me som gjekk der var som ein liten familie. Eg gjekk på sundagsskulen og på Ving, las i barnebibel heime, og det var mykje bøn, song og musikk i livet. Som 13-14 åring fann eg ut at eg ikkje lenger kunne leve på foreldra mine si tru. På ein kristen festival gjekk eg fram til scena, slik dei inviterte til, for å syne trua mi. Eg stritta fyrst imot, men då eg endelig var klar for det vart heldigvis faren min med meg fram. Det var sterke kjensler involvert, hugsar eg, og eg grein mykje. Men dette var ei viktig oppleving, som i ettertid har vore til hjelp for meg i periodar med tvil. Eg kunne ikkje fornekte det som hadde skjedd den dagen. Då eg var med i eit

kristent ungdomskor vart det viktig for meg å markere mi eiga tru, mellom anna ved å gå til nattverd då koret song i ei ungdomsgudstene. Og eg konfirmerte meg fordi eg meinte noko med det. Faren min har alltid vore ein god samtalepartner om trua, som har utvikla seg frå å vere ei tradisjonell tru der eg gjekk på møte og liknande, til vektlegging av å vere kristen i kvardagen.

Og trua har de halde på?

Kva er alternativet? Maria spør, og held fram: - Noko anna vert for ulogisk. Eg opplever at logikken stadfestar trua, gjennom han ser eg Guds eksistens – det er meir logisk at Gud finst enn at han ikkje gjer det.

- Eg les Bibelen og freistar å setje det eg les ut i live, seier Margot-Helene. - Og då ser eg at det stemmer! Når eg søker Gud fyrst treng eg ikkje å uroa meg. Det er godt å sleppe frykt og uro, og eg treng ikkje å vere driven av krav frå Gud, Eg har Guds fred, og erfarar Gud gjennom – og lever i – budskapen. Gjennom mykje kontakt med unge kristne rundt om får eg sjå kva som skjer i livet med Gud, og får stadfesta trua.

Kvifor har de engasjert dykk i det kristne arbeidet?

Maria høyrde mykje frå Margot-Helene om det kristne ungdomsarbeidet på Vaksdal. - Ho «masa» om at eg skulle vere med. Så eg vart med på KUL (Vaksdal kristelige ungdomslag) i om lag halvanna år før eg flytta til Dale. Eg kjende at Gud ville eg skulle flytte til Dale og engasjere meg. Dette vart stadfesta då eg fekk lærarjobb. Eg bad Gud om ei stadfesting ved å få jobb – og fekk tre jobbar! Då vart det Samnanger Ungdomsskule på meg, og eg flytte til Dale.

I Vaksdal bedehus er det KUL anna kvar fredag, og husfelleskap i huset på Holhovden dei andre fredagane. Husfelleskapet er ope for dei ungdomane som vil koma.

- Me såg trongen for eit husfelleskap som ikkje handla om aktivitetar – men ein stad å samlast og dele med kvarandre. Me ynskjer å fylgje Jesus, og hjelpe ungdomane til å få auge på Jesus og gjere det same.

Begge to er engasjerte i bedehusarbeidet på Vaksdal. Margot-Helene reiser litt rundt om og vitjar andre kristne. - Eg synes det er fint å møte kristne fellesskap

andre stader for å finne inspirasjon der. Det har blitt viktig for meg.

- Jesus sendte ut to og to læresveinar, og me finn styrke i å dele dette arbeidet, seier dei.

I mange år har Margot-Helene og Maria saman med andre ungdomsleiarar fått med seg ungdom frå Vaksdal på den kristne festivalen Impuls i Stavanger. Det siste året har det også blitt andre helge-turar for å møte kristne ungdommar i både Bergen og Stavanger

- Det er fint å møte menneske som og tenkjer og handlar som oss, menneske som me kan sjå Jesus att i, slike som skapar begeistring.

De har travle dagar. Kva er det viktigaste for dykk i kvar-dagen?

- Å få tid med Gud. Me kan ikkje leie andre nokon stad me ikkje har vore sjølve. Tid med Gud er kjelda til liv og tru, og til å bli brukt av Han slik at Han kan handle gjennom oss. Han er treet, me er greiner som ikkje kan gjere noko utan Han.

**Intervju/tekst
Frode Kvamsøe**



Tid til å slappe av heime i stova vert det òg.

Livet på ein bibelskule



Acta Bibelskule, Lovsongskulen og Acta II.

Foto: Henriette S. Netland

Hei, eg er Ingrid!

Kyrkjebladet har spurt om eg kan skriva litt om meg og trua mi, og spesielt korleis det er å gå på ein bibelskule, slik eg gjer dette året. Det skal eg prøva på her. Eg er vaksen opp på ein gard på Straume ilag med mine tre sysken. Både «mammo» og «pappen» er kristne og eg har alltid rekna meg som kristen, men i 9. klasse tok eg eit sjølvstendig val om å vere kristen. Det var ikkje før i 1. klasse vidaregåande at eg opplevde at Gud var ein levande Gud, då eg var på ein kristen konferanse på Vaksdal og ei av forbedarane den kvelden kom bort til meg og kviskra ein situasjon i øyra mitt som berre eg visste om, og tala ord som traff meg rett i hjarta. Frå den dagen utvikla eg eit person-

leg forhold til Gud, og eg byrja å snakke med Gud om alt mogleg. Når eg hadde det tøft vendte eg meg til Gud, og han hjalp meg gjennom det.

Acta Bibelskule og Lovsongskulen

Eit par år etter, då eg var på Impuls, ein kristen ungdomskonferanse med mykje liv og trøkk, opplevde eg at Gud tala til meg om at eg skulle byrja på Lovsongskulen. Lovsongskulen var då noko som var nytt frå hausten av, og det høyrdest kjempe spennande ut og midt i blinken for ei jente som meg med musikkutdanning og på jakt etter eit «friår». Så eg søkte då eg var på Impuls, kom inn og møtte opp 26. august i Imi-kyrkja saman med 37 andre som skulle gå Acta Bibelskule og

Lovsongsskulen. Det som møtte meg var ein skule som levde tett opp til kyrkjelyden i Imi-kyrkja, og som verkeleg hadde lyst til å bety ein

skilnad for miljøet rundt seg. Dei fyrste vekene var både Acta Bibelskule og Lovsongsskulen samla og me vart samansveisa som



Solveig og meg i Alta!.

Foto: Privat



Ingrid Straume Normann.

klasse og hadde mykje undervisning om identitet – å finna sin identitet i Kristus, ein anerkjennande kultur og godheitskultur. Desse vekene la grunnlaget for resten av skuleåret. Så byrja me med vanleg vekerutine der me har undervisning i ulike emner og fordjupingar som «kyrkjelyd og leiing», «barn og ungdom» og «lov-song». På torsdagen har me nattverd med staben, og «bønn på gata» etterpå. Fredagen har Bibelskulen teamførebuing til utanlandsteamet mens Lovsongsskulen som eg går på, og som er ein eigen del av Bibelskulen, har eigen undervisning.

Teamturar

Acta Bibelskule legg opp til ein utanlandstur der elevane skal vere ein månad i det landet dei blir sendt til. I år blir elevane fordelt på tre land: Kambodsja, Thailand og Uganda. Samstundes reiser Lovsongsskulen på besøk til Hillsong i London, og skal spele inn låtar i studio på Imi-kyrkja etterpå.

Lovsongsskulen har to teamturar saman med Bibelskulen, ein helgetur før jul, og ein norgestur etter jul som varar i to veker. Eg har nett vore to veker i Alta ilag med 4 andre i klassen på Øytun folkehøgskule

og i Filadelfiakyrkja der. Det var litt av ei oppleving! Sjølv utvikla eg meg mykje berre på den korte stunda me var der oppe i nord, eg vart meir sikker på meg sjølv, og å høyra på orda eg får frå Gud. Eg opplevde at folk eg ba for vart helbreda, og å få profetiske ord frå Gud som traff dei eg delte dei med. Det var kjempekult! Me fekk dele vidare det me har lært om helbredeljing, profetiar, å vise godheit, rausheit og å vere ein lov-songsléiar til dei kristne me møtte der i Alta. I tillegg fekk me oppleve litt av det elevane på Øytun opplever, me var med på både dissekrering av reinsdyr, isklatring, bålturn og me såg på reinsdyrkappløp i Alta.

Framtidsplanane mine

Ja, så kva skal eg gjere etter året på Acta? Eg har vurdert å gå Acta II, for Acta har eit andrear for dei som har gått bibelskule før, og det verkar utruleg kjekt samstundes som mange i klassen min skal gå der. Men eg trur nok eg vil gjennomføra realfaga og ikkje fekk då eg gjekk musikklinja på Voss. For å fortsetja å vere i det lærerike miljøet rundt Imi-kyrkja, vel eg nok ein skule her i Stavanger. Kva jobb eg vil ha, veit eg ikkje heilt. Eg vurderer å kanskje fullføre barnedraumen om å bli veterinær, eller noko innanfor biologi og forskning, samstundes som eg òg har lyst til å bli misjonær – helst i Afrika. Uansett kva yrke eg hamnar i, så vil eg bruke livet mitt til å leve for Gud og for dei som treng meg. Eg har ei lengt etter å utrette noko her på jorda og å bruka livet mitt til å gjere noko meningsfullt for andre. Så vil tida visa akkurat korleis eg skal nå dette målet!

Helsing

Ingrid Straume Normann

Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Pulsvarmarar
- Tøva tøflar
- Babyteppe
- Ullsjal / Halsar

DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway
56 59 54 00



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

TOMME-
STOKKEN BYGG AS



NorDan Bytt til meir energisparande vindauge og merk forskjellen i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

UTFØRER ALT INNEN
TØMRERARBEID

BYGGMESTER
FRED BJØRNBERG AS



Tlf. 56 59 78 88

fred@vaksdalnet.no

50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje



Vaksdal kyrkje 27. oktober 2012. Framme frå venstre: Martha Bjørsvik, Liv Berit Salte Helland, Grete Bernes Leiros, Johanne Kristine Herfindal Halland, Inger Margrethe Stürtzel Zester, sokneprest Edvard Bø. Bak frå venstre: Jan Erstad, Gunnar Steen Halleland, Knut Gudmund Stanneshagen, Knut Ole Myren.

Konfirmantfest på Stamnes



Stamnes bedehus 27. oktober 2012. Av 50-årsjubilarantar frå venstre: Ingrid Hesjedal Wilhelmsen, Sveinung Mo, Rønnaug Marit Eikemo Sundve, Randi Dæmring Fardal, Marit Straume Hagen, Elfrid Stamnes Kvamme, Kjell Bjørn Simmenes, Ingolf Stamnesfet. Av årets konfirmantar : Framme frå venstre Marius Hesjedal, Henrik Balestrand, Kine Skjervheim Vedaa, Morten Skjerve, Christian Lunde Stamnes.

Kyrkjekor og kvartett

I intervjuet med Lars Ragnvaldsen i førre nr. av Kyrkjebladet kom det ikkje med at han og dirigerte kyrkjekoret som var på Dale i mange år. Dei song i gudstenester, men framførte og kantater. Lars var og med i Säävs kvartett som pianist. Dei spela til ulike festar og arrangement.



Säävs kvartett tidleg på 70-talet. Frå venstre: Ragnar Takvam, Johan Sääv, Arvid Kleveland og Lars Ragnvaldsen. Somme gonger var og Henry Sääv med på kontrabass.

Konfirmantjubileer 2013

Dale kyrkje: Sondag 13. oktober kl. 11.00 (50- og 60-årskonfirmantar).

Vaksdal kyrkje: Sondag 20. oktober kl. 11.00 (50-årskonfirmantar).

Invitasjon kjem i posten til jubilantane!

Konfirmantjubleum på **Stamnes** er ikkje tidfesta ennå.

Konfirmasjonsdagar 2013

Dale kyrkje: Laurdag 4. mai kl. 12.00 og sondag 5. mai kl. 11.00.

Vaksdal kyrkje: Sondag 5. mai kl. 11.00.

Stamnes kyrkje: Sondag 12. mai kl. 11.00.

Nesheim kyrkje: Laurdag 25. mai kl. 12.00 (felles for heile Eksingedalen).

Det er ikkje konfirmasjon i dei andre kyrkjene i Vaksdal.

KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



Tverrkyrkjelege **BØNEMØTER**
i Dale bedehus **onsdagar kl. 18—19**
Kontaktperson: Margot-Helene Rosvold, tlf. 92 45 89 15



Møter i Stanghelle Bedehus

Fredag 26. april kl. 19.00

Møte v/ Audun Hjelvik

Laurdag 27. april kl. 19.00

Møte v/ Audun Hjelvik



Møter i Dale Bedehus

Søndag 17. mars kl. 18.00

Møte. Kollekt til Søndagsskulekrinsen.

Søndag 28. april kl. 11.00

Storsamling saman med Søndagsskulen.

Tale ved Audun Hjelvik

Onsdag 8. mai kl. 19.00

Møte v/ Reidun Skurtveit.

Fredag 17. mai kl. 18.00

FEST! Variert program. Servering

FELLESMØTER

med

ANDREAS EVENSEN

Torsdag 4 april kl. 19.00 i Stamnes bedehus

Fredag 5. april kl. 19.00 i Stamnes bedehus

Laurdag 6. april kl. 16.00 (NB) i Stamnes bedehus

Søndag 7. april kl. 11.00 i Vaksdal bedehus

Snart i balanse

Kyrkjebudsjettet i fjor vart endra og nedskore i samsvare med dei vedtekne overføringane frå Vaksdal kommune for 2012. Resultatet ved årsslutt viser at fellesrådet



fekk eit «overskot» på kr 77 703,- Berre så synd at dette skuldast at ein har utsett sårt tiltrengte tiltak, og oppgåver som har vore haldne tilbake i påvente av løysingar på den vanskelege økonomiske situasjonen. Men midlane er lagt vekk til bruk i 2013, og kjem godt med.

Det har gått litt opp og ned med økonomien til fellesrådet. Etter 1997 har det vore både underskot og overskot, grunna store variasjonar i utgifter som i høgste grad er utanfor fellesrådet sin kontroll. Til dømes talet på gravferder. Tunge snøvintrar eller tele. Vaksdal kommune løyvde i fjor kr 355 147,- ekstra til kyrkjeleg fellesråd, til dekning av dette oppsamla underskotet frå åra før 2011. Dermed fekk fellesrådet dei midlane som måtte til slik at det ikkje trongs banklån til løner og rekningar ved årsslutt. 2012 vart avslutta med ei viss grad av optimisme. Underskotet som kom i 2011, og som står att ved årsslutt i 2012 er kr 268 096. Vaksdal kommune har og løyvd midlar til dekning av dette underskotet, til utbetaling i år.




Retting av namn på Konfirmantjubilantane på Dale.

Dette er dei rette namna: 1. Første rekkje frå venstre: Sverre Langhelle, Ester Sellevold, Solveig Dale Vie, Ellinor Birkeland. 2. rekkje: prostiprest Magnar Haaland, Arne Verpelstad, Odd Alvheim, Egil haug, Lodin Rødland.

BARNAS SIDE

Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under?



Fargelegg

Tegning:
Asbjørn
Tønnesen



BARNAS

14 blader + DVD + CD
= kun 359,-

(privatabonnement
hjem i posten)

Gruppeabonnement
kun 179,- pr barn

- Bibeltegneserier med prisbeholdende tegner!
- Tårnagentenes Klubblavis!
- Flotte aktiviteter og oppgaver!
- Egne nettsider på nettsPRELL.no!

Bestill på barnas@sondagsskole.no
eller på telefon 22 08 71 00

Velkommen til nettsPRELL!

nettsPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

TÅRNTAGENTENE

Tårnagentenes eget nettsted!

tarnagentene.no

**HVOR STOR
VARMEPUMPE
TRENGER DU
EGENTLIG?**

Ulike boliger trenger
Ulike løsninger.

Godt & Varmt

Hardangeveien 20, salg@godtogvarmt.as, www.godtogvarmt.as

**GRATIS
BEFARING
55 200 201
Ring i dag!**

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

 **coop
marked**

Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01


**SÆTERDAL
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrika-
tenester, også varmpumper.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

 **STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Vaksdal

13.01.2013	Nataniel Elvik Langhelle
13.01.2013	Andreas Gullbrå
03.02.2013	Marius Alexander Fanebust Nergård
03.02.2013	Karina Johannessen Langhelle
17.02.2013	Michelle Fosse Gullaksen (i Sandviken kirke)

Dale

02.12.2012	Milian Sundheim Østvang
06.01.2013	Vilje Helene Hesjedal
27.01.2013	Mathilde Jordal-Hesjedal
27.01.2013	Jonathan Jordal-Hesjedal
27.01.2013	Martine Tveit-Danielsen

Bergsdalen

10.02.2013	Hedda Teksum-Roe
10.02.2013	Nora Teksum-Roe

Stamnes

20.01.2013	Astrid Straume Audestad
10.02.2013	Heine Nordheim (i Eidsland kapell)
10.02.2013	Benedicte Dybberg Ringdal (i Eidsland kapell)

DØDE



Vaksdal

22.11.2012	Arnt Boge	1929
20.11.2012	Gunvor Marie Nitter Sviggum Gundersen	1935
24.01.2013	Marit Bernes	1938

Dale

29.11.2012	Gjert Kyrkjeteig	1919
09.12.2012	Karolin Lutentun	1918
06.12.2012	Eilif Bernhard Geitle	1931
10.12.2012	Anna Bruvik	1924
16.12.2012	Edgar Andreas Søvik	1929
26.12.2012	Sylvi Kr Vaksdal Fotland	1941
10.01.2013	Lilly Åse Lid	1945
19.01.2013	Kristian Helle	1921
26.01.2013	Anna Myklebust	1920
01.02.2013	John Magnar Visnes	1959
05.02.2013	Edith Dankertsen	1918
16.02.2013	Edith Randine Dale	1924
19.02.2013	Mons Eikefet	1923
26.02.2013	Anna Vaksdal	1913

Stamnes

30.12.2012	Liv Helen Solheim	1932
------------	-------------------	------

Nesheim

31.12.2012	Johanne Nesheim	1921
------------	-----------------	------

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 17. mars

Maria Bodskepsdag
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Sundag 24. mars

PALMESUNDAG
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Dåp. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.
BERGSØYANE (Bergsdalen) kl. 12.30. Sportsandakt. Frode Kvamsøe.

Torsdag 28. mars

SKJÆRTORS DAG
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Nattverdsgudsteneste. Frode Kvamsøe.

Fredag 29. mars

LANGFREDAG
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.
STAMNES KYRKJE kl. 15.00. Pasjonsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 31. mars

PÅSKEDAG
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Offer til HimalPartner.
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Offer til HimalPartner. Forsongarar møter kl. 10.00.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

Måndag 1. april

2. PÅSKEDAG
 Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 7. april

2. søndag i påsketida
 Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 14. april

3. søndag i påsketida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Offer til kyrkjelydsarbeid for born.

Sundag 21. april

4. søndag i påsketida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Deltaking frå Ung Kirkesang sitt vartreff. Offer til Evangeliesenteret.

Sundag 28. april

5. søndag i påsketida
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp. Offer til Fagertun Leirstad.
DALE KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med konfirmantane frå Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Offer til KFUK-KFUM Bjørgvin krets.

Onsdag 1. mai

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Edvard Bø. Preik ved Eirik Haga. Dale Mannskor. Offer til Norsk Folkehjelp.

Laurdag 4. mai

DALE KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe. Dåp. Dale Mannskor. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 5. mai

6. sundag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø. Dåp. Offer til ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.**DALE KYRKJE** kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe. Dåp. Torsdagsklubben. Offer til kyrkjelydsarbeidet.**Torsdag 9. mai**

Helgetorsdag

SKIPSELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Sjømannskyrkja.**Sundag 12. mai**

Sundag før pinsø

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø. Dåp. Offer til Fagertun leirstad.**Fredag 17. mai****VAKSDAL KYRKJE** kl. 10.00. Gudsteneste. Kjetil Kringlebotten. Offer til Sjømannskyrkja.**DALE KYRKJE** kl. 10.30. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til KABB - Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte.**EIDSLAND KAPELL** kl. 12.30. Familiégudsteneste. Kjetil Kringlebotten. Offer til Fagertun leirstad.**STAMNES KYRKJE** kl. 12.30. Familiégudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.**Sundag 19. mai**

PINSEDAG

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Nattverd. Dåp. Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Offer til Normisjon.**BERGSDALEN KYRKJE** kl. 20.00 Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Offer til Fagertun Leirstad.**Måndag 20. mai**

2. Pinsedag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Laurdag 25. mai**NESHEIM KYRKJE** kl. 12.00. Konfirmasjon, felles for Eksingedalen og Nesheim sokn. Frode Kvamsøe. Dåp. Offer til Fagertun Leirstad.**Sundag 26. mai**

Treeiningssundag

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiégudsteneste. Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi. Offer til Bibelskolen Bildøy.**Sundag 2. juni**

2. sundag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 9. juni

3. sundag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Offer til Kirkens Bymisjon.**FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER** kl. 12.00.

Fitjavsstemna. Edvard Bø. Matøkt (medbragt mat).

Sundag 16. juni

4. sundag i treeiningstida

EKTINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Offer til Sjømannskyrkja.**DALE KYRKJE** kl. 11.00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Offer til Ungdom i Oppdrag.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

*ny bunad**omsøm**bunadsølv**tilbehør**Ring for avtale 56 19 18 00**Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen**www.bunadogstakkastovo.no*